

Høyring- Forslag til endringar i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark samt invitasjon til å søke deltaking i prøveordning med etablering av snøscooterløyper- Ref. nr. 12/3241.

Viser til brev datert 30 mai 2013 gjeldande forslag til endringar i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark samt invitasjon til å søke deltaking i prøveordning med etablering av snøscooterløyper.

Seljord kommune har følgjande uttale:

1.Merknader til kort høyringsfrist.

Brevet frå MD er datert 30.05.2013 og høyringsfristen er sett til 27.06.2013. Seljord kommune mottok brevet 10.06.2013. Med så kort høyringsfrist har kommunane i liten grad moglegheit til å handsame høyringa tilstrekkelg. Vi vil minne departementet om at det normale er at den kommunale administrasjonen fyrst lagar ei saksutgreiing og kjem med ei innstilling som deretter vert handsama politisk. Seljord kommune oppmodar departementet til i framtida å ta omsyn til dette i høve til høyringsfristar, slik at kommunane faktisk har moglegheit til å handsame sakene på normal måte. Det same gjeld fristen for å søke om deltaking i prøveordninga som er sett til 01.09.2013. Tatt i betraktning at det er fellesferie er dette ein kort frist for å utarbeide ein søknad med politisk forankring, og samstundes ivareta ei viss medverking frå lokale interesser.

2.Merknader til endringar i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark.

Seljord kommune ønskjer at endringa av den nasjonale forskrifta skal gje kommunane heimel på generelt grunnlag til å etablere snøscooterløyper til rekreasjonskjøring.

Når det gjeld forslag til §3, ny bokstav j, vurderar Seljord kommune at dette er svært positivt, og vil kunne bidra til å kunne avslutte dyrs lidingar raskare og med mindre stress for dyret. Vi vil likevel bemerke at bestemmelsen bør knyttast til nødvendig søk og avliving av skada vilt generelt, og ikkje berre storvilt. Bestemmelsen bør også omfatte skadefelling i kommunal regi.

3.Merknader til invitasjon til å søke deltaking i prøveordning med etablering av snøscooterløyper og "Forskrift om kommunalt forsøk med snøscooterløyper".

Det har tidlegare vore gjennomført eit prøveprosjekt i 7 kommunar som har vart i 7 år. Seljord kommune meiner at det bør vere eit legitimt spørsmål om det verkeleg er behov for ei ny prøveordning, og at ordninga heller burde blitt landsomfattande og permanent. Ei ny prøveordning må ikkje avgrensast til 40 utvalde kommunar som det er føreslege, men bør

endrast til at alle kommunar som ønskjer kan delta. Seljord kommune meiner dette vil bidra til å gjere erfaringsgrunnlaget og dermed beslutningsgrunnlaget betre.

Seljord kommune har følgjande merknader til "*Forskrift om kommunalt forsøk med snøscooterløyper*":

§2:

Etter §2, fyrste ledd, så skal løypene innngå i arealplan eller reguleringsplan. Vi forstår departementet slik at ein eventuell areal/reguleringsplan skal utarbeidast på vanleg måte etter bestemmelsane i plan- og bygningsloven (pbl). Ein planprosess i tråd med kapittel 4 (generelle utredningskrav) og kapittel 5 (medvirking) i pbl sikrar etter vår vurdering at alle aktuelle omsyn og problemstillingar blir godt ivaretatt. Seljord kommune meiner at forskriftas §2, tredje ledd, bokstav a-b og §2, fjerde ledd, bokstav a-b er overflødig og kan takast bort.

Forsøksordninga bør også kunne omfatte fri snøscooterferdsel i tydelig avgrensa områder, under føresetnad av at det er definerte tilkomstløyper til området. Seljord kommune meiner det er viktig at også dei som ikkje finn tradisjonelle snøscooterløyper interessante og utfordrande nok får eit tilbod. Dette kan vere eit viktig virkemiddel for å redusere ulovleg kjøring som bør inngå i forsøket. Seljord kommune ber om at det blir gjeve heimel til dette i forskrifta.

§3:

Bokstav c seier at ei snøscooterløype ikkje kan krevje terrenginngrep. Her er vi usikker på graden som skal til før det definerast som eit terrenginngrep. Enkel tilrettelegging bør kunne tillatast. Bokstav d seier at ei snøscooterløype ikkje skal leggast i skredutsatte områder eller bratt terreng. Mange kommunar som kan vere aktuelle for forsøksordninga er ikkje direkte flate, deriblant Seljord. Likevel er det sikkerhetsmessig forsvarleg å kjøre snøscooter. Ordlyden "bratt terreng" bør etter vårt syn fjernast, sidan ordlyden "skredutsatte områder" er tilstrekkeleg.

Avslutningsvis vil Seljord kommune signalisere at vi kjem til å søke om å bli med på prøveordninga.

Med helsing

Jon Svartdal
Varaordfører

Jørn Ingar Sanda
Landbrukssjef